

## FUGLAVATNET

Høgdemeter over havet: 574 m

Lengde: Fuglavatnet ligg ca 5 km innanfor Tveito

Tid: ca.1 time frå Heiane ein veg.

Gradering: Lett tur og godt synleg stølsveg med sti.

**Vegskildring;** Bilveg (bomveg 50 kr) frå Tveito til Heiane. Vegen går frå Heiane opp over det vesle bergelaget og inn om tre bruer ved Vetlavatnet, og ned langs Måvatnet lenger inne, eller ein følgjer traktorvegen rett fram gjennom skogen. Båe vegane går til stølen over inste enden av Måvatnet. Dette er del av den gamle tingvegen frå Ulvik og Eidfjord til Granvin. Turkassa ved Måvotno finn du på eldhuset ved inste selet. Retningsskilt til Fuglavatnet står her ved stølen. Gå vidare innover i same høgda, kryssa den vesle bekken og følg stien meir mot sør over elva og vidare under kraftlinja til fuglevasselva Fosso rett nedanfor utløpet frå Fuglevatnet. Turkassa heng her på eit tre, og før ein ev. går over elva. Det er best å kryssa elva her ved Øvsta Vaet om du skal til Middagsvarden eller Skaret. Du kan og gå vegen på venstre sida av elva og vatnet innover frå turkassa. Ved stor elv kan det vera lettare og tryggare å kryssa elva i inste enden av vatnet.

**Turtips 1:**Rundtur frå Tveito om Måvotno – Fuglevatnet – Skaret (Hausskar) og Stokksel

Følg stølsvegen frå Tveito eller frå Heiane (bomveg 50kr) til Måvotno. På det innste eldhuset på denne stølen finn du ein turkasse (stølstrimkasse). Gå vidare innover i same høgda, kryssa den vesle bekken og følg stien meir mot sør over elva og vidare under kraftlinja til fuglevasselva Fosso rett nedanfor utløpet frå Fuglevatnet. Turkasse her og før ein ev. går over elva. Ein kan ein gå på båe sider av Fuglevatnet mot Skaret i sør. Gjerne lettast å gå over elva og på vestsida av vatnet og halda fram mot høgdedraget i sør mellom bergelaga oppover. Varden med turkasse er litt over på Stokksel-sida. Det er også fint (lettare, men litt lenger) å gå frå Fuglevatnet på høgre sida av «monsterlinja» over Middagsvarden med flott utsikt før ein og svingar litt meir mot sør og kryssar linja. Gå vidare opp på høgdedraget (med fleire vardar) som ein så følgjer austover forbi nokre tjørner og ein mura varde til den innste nemnde mura varden med turkasse.

Frå denne varden går ein litt mot aust og ned vegen i dalføret til Hauskarstuftene med turkasse (stølstrimkasse) . Derifrå følgjer ein vegen vidare

ned og etter kvart meir mot nordvest over ei lita myr og «tverrlies» ned til Stokksel. Ein kan og halda fram vidare rett nedover til ein møter, og følgjer, vegen frå Dalsete mot Stokksel.

**Om ein går frå Stokksel** følgjer ein vegen forbi stølshus og hytte -opp ein liten bakke og over ein bekk, før ein tek på skrå oppover langs eit myrdrag og etter kvart på tydeleg sti mot Hausskarstuftene med turkasse. (følg skilt og raudmerka løype) Gå vidare opp dalen og «klypet» etter stien til den austre varden som du ser når du er forbi desse tuftene. Det er to mura vardar på Skaret og turkassa er altså på varden mot aust. Frå denne varden kan du halda fram over høgda og mellom bergelaga ned til Fuglevatnet som du ser frå høgda. Det er nok lettast å gå på vestsida av vatnet. Frå nemnde varde kan ein også følgja kanten nordvestover før ein går nedover, kryssar 420kV-linja, går over Middagsvarden til Fuglevatnet. Vidare kryssar ein elva nedom vatnet og følgjer stien på austsida av elva til Måvotno med turkasse på innste eldhuset. Derifrå er det grei stølsveg til Heiane og Tveito.

**Nb! Middagsvarden var opphaveleg feilplassert på kartet. Det er retta her og på nyare kart. Middagsvarden ligg altså rett vest for Fuglevatnet.**

**Ikkje bygg fleire vardar! Lat dei gamle vardane vera kjennemerke som før.**

GOD TUR!

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: [www.granvin-turlag.no](http://www.granvin-turlag.no)